Styremöte for B.I.L. vart halde den 8/9 hos Joskim Rånes.
Tilstades var: J. Rånes, P. Worren J. Sommerseth og K. Bohn.
Saker til handsaming:
Kommunale tilskot og stats-löyvingar.
Det vart eit ordskifte om det kommunale tilskot som „Heid" har fått tildelt:
Styret beslutt å sende ein protest til Heröy herredstyre, der det vart kravt at tilskotet til „Heid" vart omatgjort, då „Heid" ikkje har halde den avtalen som dei og B.I.L vart einige om i fjor.

Kåre Bohn    Joskim Rånes
Peder R Worren    Jaspar Sommerseth

Medlemsmöte vart halde på „Högtun" fredag den 16/9.
Tilstades var ca. 15 medlemer, eit dårleg frammöte som viser at störsteparten av medlemane har ~~ign~~ ingen interesse av lagets arbeid og eksistens, då dei legg for dagen en likegyldighet som grenser til det utrulige.
Mötet var samankalla på med tanke på ein marknad som må haldast i nermaste framtid.
~~H~~ Alle som var tilstades var enige om at dette måtte skje i ein viss fart skulle ikkje arbeidet på stadion stogge. Desse vart valde til å ordne med marknaden og festen:

| Innkjöpsgjeng: | Programnemnd: |
| --- | --- |
| Kåre Bohn | Bjarne Löfall |
| Gerh. Pedersen | Gunnar Roksvåg |
| Paul Zahl | Frans Franksen |
| Oddmund Igesund | Bertel Rören |
| Nils Paulsen | Odd Sjåstad |

Kåre Bohn
(sekretær)

Styremöte for B.I.L vart halde
den 14/10 hos Peder Worren.
Alle styresmedlemer var tilstades.
Saker til handsaming:
Skjema for årsmelding vart
utfylt og sendt Sunnmöre Idrettskrets
Årsberetning oppsett for lagets
virksomhet 1948–49
Söknad til Sunnmöre Idrettskrets
om tildeling av fotballdrakter.

Peder E. Worren Kåre Bahn
Jostein Rånes Ingvar Sunnmeelts.
Elias Hansen

Årsmöte for Bergsöy Idrettslag vart
halde på „Högtun" 19/10 – 49.
Tilstades var ca. 45 medlemer.
Mötet tok til med at Peder
Worren las opp årsberetning. Der var
en merknad og det var at det
var halde for lite medlemsmöte.
Elias Hansen las opp rekneskapet.
ingen hadde noko å bemerke.
Ein gjekk so over til valg.
Det nye styret vart soleis:

Peder Worren formann
Jostein Rånes ~~nestf.~~
Elias Hansen
Kåre Bahn
Frans G. Fransten

Varamenn:

Norvald Vågsholm, Otto Fransen og
Nils Lied.

Revisorar:

Nils Lied, Gerh. Pedersen

Varamenn:

Liv Sjåstad og Kjellaug Myklebust

Oppmann i fotball:
Petter K. Pettersen, Frans G. Frantsen.
Oppmenn i handball:
Gunnar Roksvåg Paul Zahl.
Materialforvaltar: Petter Pedersen og Per Huldal.
Banemennd:
Harald Bahn, Herlaug Solem, Gerh. Pedersen
Oddmund Igesund og Paul Zahl.

Styret for handballgruppa vart:
Reidun Roksvåg formann
Karoline Paulsen nestf.
Liv Pettersen
Liv Sjåstad
Kjellaug Myklebust

Varamenn:
Anny Myklebust, Hjördis Myklebust,
Bergljot Myrhol.

Desse vart valde for å hjelpe til med programmet på marknadsfesten:
Anny Myklebust, Aslaug Myrhol,

Reidun Roksvåg og Elsi Brekke.

Festnemnd til medlemsfest:
Norleif Huldal, Nils Paulsen, Harald Solbakk
Gunnar Roksvåg, Anny Myklebust, Hjördis
Myklebust, Kalla Paulsen og Elsi Brekke

Kåre Bahn
Sekretær

Styremöte for B.I.L. vart halde den 16/1-50 hos Peder Worren. Alle styresmedlemer var tilstades.

Saker til handsaming:
Diskusjon angåande ein korgafest marknad og medlemsfest.
Det vart besluttra å halde ein marknad eller tivoli i februar, dato vert bestemt seinare.
B.I.L. og Bergsöy fril. u.lag stå som aranzörar og delar innkoma.
Vidare vart besluttra å halde ein korgafest etter marknaden. Medlemsfesten

vart halden ein gong til våren.
Vidare var det kome brev frå Sunnmøre Arbeideravis der dei ville ha oppgåve over lagets eigedom og virksomhet.
Det vart beslutta å ikkje sende noko oppgåve.

Kåre Bohn Peder G. Warren
Elias Hansen, Frantz Frantzen
Joakim Vennes

Styremøte for B.I.L. vart halde hjå Peder Warren den 10-3-50. Alle styresmedlemmar var til stades.

Sakliste!

I. Medlemsmøte.
Det vart vedteke å halde medlemsfest på „Høgtun" den 25-3 d.å.

II. Lover for laget
Det låg føre skriv frå Sunnmøre idrettskrets om at lovene våre ikkje var i orden og ikkje godkjende av N.I.F. Samtlege medlemar av styret trudde dette skulle vere i orden for lenge sidan, men for å få det heile ordna, vart det vedteke å skrive av lovene som vart godkjende på årsmøte den , og sende dei.

III. Anlegget i Hulldalen
Det vart diskutert att og fram om korleis ein skulle gå fram med

omsyn til utbygging av bana, slik ein til sommaren kan få areal til ein treningsplass. Kassereren opplyste at renter og avdrag var betalte til utgangen av 1950 på samtlige lån; og at kassa synte ein disponibel sum på omlag kr. 1800,- Alle styresmedlemer vart samde om at ein måtte setje alt inn på å få i stand ein treningsplass til sommaren. Formannen skulle røkje etter den lagelegaste plassen å få sand frå, slik at ein kan få den fyrste sandlassen snarest råd er. - Med omsyn til vidare utbygging av bana i år, vart det ein samde om å nytte dei 3000 kr. som er tildelt oss av tippepengane. På same tid som ein måtte få i stand festar med program, slik at ein kunne sikre seg nok sand, og om det var råd få inn litt til for vidare utbygging av bana.

Frans Hansen

Styremöte for Bergsöy Idrettslag vart halde den 15/10-50 hos Elias Hansen.

Tilstades var: P. Worren, E. Hansen K. Bohn og N. Liid møtte som varamann.

Sakliste:

Sak I. Søknad til Statens Idrettskontor om tippemidlar.

Der vart sendt skriv til Idrettskontoret med fyldig redegjørelse for det arbeid som har vore nedlagt på Stadion i år, me opplyste at me treng ca. Kr. 90000 for å fullføre arbeidet, etter kalkulasjonen

## Årsmöte 18 okt. 1950

Den 18 okt. 1950 vart det halde årsmöte på „Högtun. Tilstades var umlag 40 medlemer.

Mötet tok til med at formannen Peder P. Warren las opp årsmeldinga. Dessutan vart söknaden som styret har sendt til Summöre idrettskrins um stönad av tippepengane opplesen.

Elias Hansen las so opp eit resymé av årsrekneskapen. Ingen hadde noko å merkje til denne.

Ein gjekk so over til val. Formannen Peder P. Warren sa trass i fleire oppmodingar um å stå eit år til, fra seg attval.

Det nye styret vart soleis:
Kåre Bohn, formann
Narvald Vågsholm, nestformann
Styresmedlemer: Elias Hansen, Gerh. Pedersen og Arthur Fransen

Som varamenn for styret vart desse valde: Finn Voldnes, Jens Tjerde og Leif Pettersen.

Revisorar: Nils Sand og Elias A. Rørn.

Oppmann for fotball: Peder P. Warren
varamann: Petter K. Pettersen.

Banenemd: Knut Knutsen, formann; dessutan vart desse valde i nemnda: Paul Lahl, Petter J. Pettersen, Harald Bohn, Per Pettersen og Knut Nilsen.

Instruktör for fotball Erik Töfoll.

Instruktör for innandörs herregymnastikk: Trygve Kvalvåg.

Materialforvaltar: Sverre Bohn.

Som styre for dametroppen vart desse valde: Reidun Roksvåg, formann, Sonja Melvær, nestformann. Til styresmedlemer vart desse valde: Bergliot Myrhol, Liv Sjåstad, Kjellaug Myklebust.

Oppmenn for damehandball: Sigm.

Paulsen, Jan Berge og Kåre Myklebust.

Instruktør for damehandball: Harald Solbakk.

Dessutan vart det diskutert korleis ein best skulle fa vore på høgtalaranlegget som idrettslaget no eig og disponerar. Som ansvarshavande for dette anlegget vart Oddmund Igesund vald. Nærare reglar med omsyn til disponeringa av det nye anlegget, fikk det nye styret fullmakt å setje opp.

Vidare på møtet vart det diskutert detaljer omkring den tradisjonelle marknaden. Det vart vedteke å skipe til marknaden som før om åra: fredag og laurdag marknad, og sundag fest med Song-program.

Til å arrangere program for festen vart desse valde: Gerh. Pedersen, formann, dessutan Sonja Molmen, Gudrun Røksvåg, Rannveig Solbakk, Kristine Berge, Gudrun Kvalsvik, Nils Pettersen, Inge Arnesen og Mads og Sverre Teine.

~~[illegible]~~ Til å ordne med sjølve arrangementet for marknaden vart desse valde: Harald Solbakk, Nærleif Helldal, Kåre Myklebust, Harald Bolm, Oddmund Igesund og Severin Strand.

Det vart vidare vedteke å halde ein medlemsfest før jul. Til å stå for denne vart desse valde: Nora Vågsholm, Elias Hansen, Paul Zahl, Norvald Brekke, Liv Pettersen, Kalla Paulsen, Kjellaug Myklebust og Liv Sjåstad.

Møteboka vart so opplesaj utan at nokon hadde noko å merka.

Frans Fransen.

3/7-51.

Styremøte Bergsøy Idrettslag.
hos Elias Hansen.
Til stede var: Kåre Bahn (form.), Norvald Wågsholm (nestform.), Elias Hansen (kasserer) og undertegnede.
Sak: Vi ble enige om å melde laget inn i Norges Fotballforbund (N.F.F.) og Sunnmøre Fotballkrets (S.F.K.) for å kunne få delta i 3. div. kamper fra høsten av.
Alt var avheng. av om Heid's bane ble godkjent (minstemål 90 x 45 m.). Vi kunne da i tilf. få spille heimekampene på Heid's bane.

Finn Valdnes
(sekretær).

5/7-51.

Ei banenemnd fra Sunnmøre Fotballkrets var i dag å kikka på Heid's bane.
Vi var i tvil om de ville godkjenne dekket på bana.
Bana ble godkjent med noen små forandringer.
De så også på B.I.L.'s bane i Hulldalen, og hadde bare lovord å si om anlegget. F.V.

7/7-51.

Formannen og undertegnede sendte i dag inn innmeldingsskjema for innmelding i krets og forbund (henh.vis S.F.K. og N.F.F.)
Samtidig sendte vi inn forslag til drakt.
Med hensyn til farger, fikk vi opplyst hos S.F.K. at grunnet de mange lag som nå er på Sunnmøre, er det for tiden ikke så mange farger å velge mellom.
Vi ble enige om lysegrønn trøye med kvite mansjetter. Og blå bukse.
Til reservedrakt benytter vi så blå bukse og vi har fra før kvite trøyer.
Vi sendte også inn en tegning av B.I.L.'s lagmerke. Vi valgte det merket som dametroppen bruker på sine handballdrakter og ble enige om å bruke dette som lagmerke.
Det ble så bestuttet å komme sammen med styret i Heid en av de første dager, for å drøfte spørsmålet ang. lån av Heid's bane i tilf. divisj. kamper til høsten.

Finn Valdnes (sekretær)